

# APTT i plasma

Aktivert partiell tromboplastintid, APT-tid

## Bakgrunn

p-APTT måler den totale aktiviteten av det indre koagulasjonssystemet. Testen er følsam for faktorane I, II, V, VIII, IX, X, XI og XII, men ufølsam for faktor VII og XIII.

## Indikasjoner

Kontroll av heparinbehandling (ikkje lågmolekylært heparin).  
Utredning av blødningstilstandar, særleg hemofili A og B.

## Prøvetaking

Pasientførebuing:

Ved heparinbehandling kan første kontrollprøve takast 4 – 6 timar etter start av behandlinga, og deretter 1 – 2 gonger per døgn.

## Prøvemateriale



Plasma teke på rør tilsett citrat (blå kork).  
Citratrøret må fyllast til merka volum og blandast godt. Unngå prøvetaking frå kateter med heparinlås.

Ved heparinbehandling bør plasma analyserast innan 2 timar, elles innan 4 timar.

## Referanseområde

28 - 40 sekund

**Terapeutisk område** for heparinbehandling:

70 - 140 sekund

## Tolkingar

Forlenga p-APTT kan sjåast når faktor VIII eller faktor IX er mindre enn 20 % av normalnivå. Dette førekjem ved hemofili A (faktor VIII-mangel) og B (faktor IX-mangel). Lett forlenga p-APTT kan også sjåast hos mange pasientar med lupus antikoagulant. Dessutan kan ein og sjå forlenga p-APTT hos nokre pasientar med von Willebrands sjukdom, ved disseminert intravaskulær koagulasjon (DIC), ved leversvikt, vitamin K-mangel, warfarinbehandling, ved sterkt redusert konsentrasjon av fibrinogen (mindre enn 0,3 g/L) og ved heparinbehandling. p-APTT kan vere lett forlenga ved bruk av fraksjonert heparin, men er ikkje eigna til monitorering av slik behandling.

## Biologisk variasjon

Intraindividuell biologisk variasjon: 2,7 %